



Slik vil mange minnst Lina Håland som sokneprest i Uskedalen med dåp og andre kyrkjelege handlingar. ( Arkivfoto )

**Det er venta mykje folk i Uskedal kyrkje i morgon, søndag 18. novmber kl. 11, på den siste gudstenesta til sokneprest Lina Håland før avreise til Sandnes. Prosten i Sunnhordland, Svein Arne Theodorsen, vert med på gudstenesta. Det same vert gospelkoret Abraham med Lina Håland som solist. Musikalsk leiar for koret, Bjarte Lending, vil også vera organist i morgon og han saman med presten har funne fram til høvelege salmar.**



[Song i alle sammenhengar har vore Lina Håland sitt varemerke.](#)

Konfirmantane vil hjelpe til og det vert frammøte frå soknene Holmedal, Valen og Husnes. Soknerådet i Uskedalen vil stå for kyrkjekaffi med kake etter gudstenesta. Det er venta mykje folk som vil ta avskil med ein folkekjær prest i tida frå tilsetjing i 2014 og fram til i dag.

Av salmane vil kyrkjelyden mellom anna syngja Så kom du da til sist med melodi av Benny Andersson frå popgruppa Abba. ( 1999 ). You`ve examined my heart på engelsk er også plukka ut. Teksten er skriven av Jan Leohard Groth i 1990. Tore Aas, kjend som musikalsk leiar i Oslo Gospelkor har laga melodien. Salmen er skriven med bakgrunn i Salme 139. Av meir kjende salmar finn vi Deg å få skode, opphavleg ein irsk tekst, omsett til engelsk i 1905, til norsk i 1978. Melodien er ein irsk folketone.

Nytt og spennande i morgon er det at Bjarte Lending er organist og vil vera med i all song og liturgi.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hnas Ordin Østebø/Kristian Bringedal/Svein Fossli



Gospelkoret Abraham vert med i gudstenesta i morgon, søndag 18. nov.